

# ykande show



FOTO: ANITA HAUGLAND

gifter og sparing til oppgraderingar av auditoriet.

## Hovudkarakteren

– Det var litt nervepirrande i starten, men det kom seg, seier Vegard Borrevik Eide, like etter at premieren er unnagjort.

Han er ikkje med i teater til vanleg, men han likar å showa litt innimellom.

– Dei andre veit at eg likar å visa meg fram, så det var nok årsaka til at eg fekk rolla då eg melde meg, seier Eide.

Han vedgår at den siste veka har vore ekstra krevjande.

– Eg har sovna på sofaen når eg har komme heim. Men det har vore veldig kjekt og, seier Mario-karakteren.



I tillegg til alle sketsjane fekk publikum ta del i elevane sin eigen lunsjkoncert. Johan Eriksen (f.v.), Sjur Røtnes Mielsen, Magnus Hovda Balchen og Oscar Bergesen Vatle. Bak f.v.: Eirik Amundsen Ystevik og Isak Lønning Hystad.



Elevane i 10. trinn avslutta med fellessong frå alle elevane. Birgitta Skard (f.v.), Oda Rolfsnes, Jorunn Engvall og Ida Nordfonn Angeltveit.



Her får me eit innblikk i intrigane frå NRK-serien SKAM. Det var ingen problem å kjenna att dei karakteristiske rollene. Malene Flatøy Bakka (f.v.), Linnea Aaserud Hystad, Ida Nordfonn Angeltveit, Magnhild Halland og Hannah Stenersen.



Kjell Magnus Økland, som i fjor haust kom ut med bok om Oselvaren, er ny leiar for Kystsogevekene i Hordaland. PRESSEFOTO

## Tysnesing skal styra kystsogevekene

Kjell Magnus Økland overtek roret for Kystsogevekene.

MAGNE KYDLAND  
magne@sunnhordland.no

Kjell Magnus Økland, opphavleg frå Tysnes, tek over som leiar for stiftinga Kystsogevekene.

Økland har alt byrja i si nye stilling.

– Kjell Magnus Økland er oppvaksen i ein sjømannsheim på Tysnes og har brei røynsle frå kulturarbeid. Han har vore særleg aktiv i seglsporten og har mellom anna sete i styre og stell kring Oselvaren sidan 1990 i organisasjonar som Båtlaget Njord/Tysnes, Oselvarklubben, BSI/Seiling, Hordaland Seilkrets, Ran Seilforening, Shetland Race og Forbundet Kysten. Han har tidlegare arbeid som journalist og lærar og har drive segloppeløring, arrangert regattaer for både joller, eintypebåtar, havkappsegling og kapproing. Vidare er han ein aktiv regattaseglar, skribent, foto-

graf og foredragshaldar der han gjerne formidlar maritim tema. Med hans bakgrunn og nettverk er han rette mann for Kystsogevekene, opplyser Børge Haugetun, styreleiar i Stiftinga Kystsogevekene.

Økland kom i oktober ut med den store boka om Norges Nasjonalbåt: Oselvar – den levande båten. Det var også han som skreiv nominasjonsframlegget som fekk bygging og bruk av Oselvaren inn på UNESCO si kulturarvliste i desember.

Kystsogevekene finn stad kvart år i august og september og er eit samarbeid mellom 22 kommunar i Hordaland og Gulen kommune og Hordaland Fylkeskommune. Kystsogevekene er sett saman av dagar der folk møtest og delar gode opplevingar: båtturar, aktivitetar, konsertar, foredrag, kulturvandringar, marknader og utstillingar. Bak dei ulike arrangementa står ei stor gruppe lokale eldsjeler som er stolte av eigenart og tradisjonar.

## Sterk filmvår

FILM: Ikkje før norsk filmbransje har slått seg på brystet og erklært 2016 som det beste året for norsk film i historia, så er det på'n igjen.

No kan norske kinogjengarar gå og sjå norsk film nærmast kvar veke.

Og det kjem filmar frå heile speketret – frå den ultimate fanfilmen om

Marcus og Martinus, som er første norske filmpremiere ut, via skrekk, historisk politisk drama frå norsk 60-tal til koselege familie- og teiknefilmar.

Og naturlegvis ikkje ein filmvår utan ein film med Anders Baasmo Christiansen – som denne gangen blir å sjå med øks i ei familie- og arvekonflikt. (NPK)



FOTO: HARALD ONARHEIM

## Debuterer med eit smell

MUSIKK: Då Stord musikklag mangla «solist» til sjampanjekorken, og ein til klokkespel, var gode råd dyre. Men Helge Ø. Njøsén (biletet), som ikkje ein gong spelar i korps, var sporty og stelte opp på kort varsel. Øvinga denne veka ber bod om at dette kjem til å gå heilt fint under konserten i Kulturhuset i morgon ettermiddag.

– Champagnegaloppen er sjølve signaturen på konser-

ten vår, og utan klokkespel og ein til å laga eit skikkeleg smell, vert dette vanskeleg å gjennomføra. Anne Bente Østraat, som spelar kornett i musikklaget, melde son sin, Helge (13), som «frivillig». Tøft gjort av ein 13-åring som ikkje spelar i korps, men han klarar jobben med glans, heiter det i ein mail frå musikklaget, som no reknar seg som klare for årets konsert, som vert den 15. i rekka.